



VEDTEKTER FOR FORELDREDREVEN BARNEHAGE,  
BRATTVÅG BARNEHAGE SA. VEDTEKE PÅ EIGARSTYREMØTE 14.06.2012

1. Eigartilhøve

Barnehagen er eigd og blir driven av: BRATTVÅG BARNEHAGE SA

2. Formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jfr. Lov om barnehagar §1 Formål

3. Samarbeidsutval

- a) Foreldrerådet, dei tilsette og eigar vel kvar to representantar til samarbeidsutvalet. Foreldrerådet og dei tilsette vel sine representantar i mars eller april månad.
- b) Styrar har møte-, tale- og forslagsrett i samarbeidsutvalet. Styrar har ikkje stemmerett med mindre vedkomande er valt medlem.
- c) Representantar for foreldra og dei tilsette bli valt for eit år om gongen. Eigar avgjer sjølv funksjonstida til eigarrepresentantane.
- d) SU konstituerer seg sjølv. Styrar, personalrepresentantar og leiar av eigarstyret skal ikkje sete som leiar i samarbeidsutvalet. Foreldrerådet foreslår sjølv nye representantar til samarbeidsutvalet.

4. Opptak og oppseiing

- a) Søknadsfrist for hovudopptaket er 1.mars. Det skal nyttast elektronisk søknadsskjema som ein finn på [www.haram.kommune.no](http://www.haram.kommune.no). Om barnehagen får ledige plassar, blir det gjort supplerande opptak gjennom året.
- b) Opptakskriterie  
Følgjande prioritering gjeld for opptak av barn i barnehagen:
  1. Barn med nedsatt funksjonsevne og barn som det er fatta vedtak om etter barnevernslova §5-1 første ledd bokstav a-d, § 3-1 og § 3-4 første ledd bokstav b, jfr barnehaglova §18
  2. Andelseigar sine barn.
  3. Personalet sine barn.
  4. Andre barn som står på barnehagen si venteliste

Ved opptak skal det leggjast vekt på at gruppesamansetjinga i forhold til alder, kjønn etc. blir så god som mogleg, slik at barnehagelova sin formålsparagraf blir ivareteken på ein skikkeleg måte.

- c) Tidspunktet for når ein søker barnehageplass, er ikkje eit opptakskriterium, kun ein ”kølapp” blant elles like kandidatar som: Lik alder, kjønn osv. Ved elles like forhold, er søknadsdato avgjerande.
- d) Klage over vedtak fatta av samarbeidsutvalet vert endeleg avgjort av styret i Brattvåg Barnehage SA (eigarstyret). Eigarstyret har rett til å dispensere frå vedtektene og prioriteringsrekkefølga ved opptak når det dette er naudsynt ut frå drifta av barnehagen. Dette gjeld for personalet som det kan dokumenterast er vanskeleg å få tilsett.
- e) Oppseiingstid er 3 månader.
- f) Ved permisjon, skal dette gjelde for eit heilt barnehageår, 01.august - 31.juli. Ein kan ikkje få permisjon frå barnehagen før ein har tatt barnehageplassen i bruk. Samarbeidsutvalet kan dispensere frå denne regelen.

## 5. Arealutnytting

- a) Barnehagen sitt godkjente leike- og opphaldsareal er 325,1 kvm.
- b) Leike- og opphaldsareal er sett til 4 kvm. pr. heil plass for barn over 3 år og 5,3 kvm for barn under 3 år.
- c) Kor mange barn som ut frå dette kan ha plass innanfor barnehagen sitt totale areal, må likevel vurderast ved eitkvart opptak.

## 6. Opningstider.

- a) Barnehagen er open 5 dager i veka, kl.07.00 – 16.30. Dagleg opphaldstid på maksimalt 8,5 timar. Dersom ein har behov for lengre opphaldstid ein periode, må ein ta kontakt med dagleg leiar for evt å gjere ein avtale.
- b) Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open til kl. 12.00. Julaftan og nyårsaftan er barnehagen stengt.
- c) Barnehagen er stengt i påskeveka, romjula og om sommaren dersom det er færre enn 8 barn som har behov for å nytte barnehageplassen.
- d) Ein oppfordrar til at barna blir henta raskast mogleg etter foreldra si arbeidstid er slutt. Dei fastsette opningstidene må respekterast.

## 7. Ferie

Barnehagen er open heile året. Likevel forutset ein at alle barn har ferie saman med

sine føresette. Alle skal ha 5 veker ferie i løpet av året, inkludert planleggingsdagane.

Foreldra skal innan 23.april gi melding om når barna skal ha sommarferie. På bakgrunn av denne informasjonen utarbeidar styrar ferieliste for personalet og plan for drifta av barnehagen på sommaren. Planane vert lagt fram for samarbeidsutvalet i barnehagen til godkjenning innan utgangen av mai.

## 8. Betaling.

- a) Betalingssatsane blir fastsett av eigarstyret i Brattvåg barnehage SA, og følger staten sin maksimalpris for foreldrebetaling i barnehage.
- b) Ein betalar for 11 månader i året. Juli måned er betalingsfri.
- c) Ved fråvær må avgifta betalast. Ved fråvær i meir enn 2 månader, juli måned ikkje inkludert, kan det søkast om fritak for betaling av kostpengar i heile fråværsperioden. Det vert rekna for fråvær dersom barnet ikkje møter etter rett tid etter ferien. Uregelmessig betaling kan gjere at barnet mister plassen.
- d) Foreldrebetalinga forfell til betaling 15. i gjeldande måned.
- e) Blir eit barn henta for seint, må ein betale et gebyr.

## 9. Ansvar.

- a) Barnehagen sitt styre (eigarstyret) er pålagt å teikne ulykkesforsikring for barna.
- b) Personalet har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen. Levering og henting av barna er foreldra sjølv ansvarleg for. Den som fylgjer barnet til barnehagen må ikkje forlate det før ein har vore i kontakt med personalet.
- c) Medbrakte eigendelar har ikkje peronalet ansvar for.
- d) Dei tilsette i barnehagen må ikkje ta med barna som passasjer i eigen bil eller offentleg transportmiddel uten foreldra sitt skriftlege samtykke.
- e) Eigarstyret vedtek til ein kvar til reglane for dugnadsarbeid. Foreldra er pliktig til å delta i dugnadsarbeid.